

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **25. november 2019** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ole Ørjan Hov. Han ønskte velkommen til det fyrste møtet i denne valperioden.

MØTESTAD:	Glasburet, Sveio kommunehus
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.45
MØTANDE MEDLEMMER:	Ole Ørjan Hov (MDG), Solfrid Aasen (Sp) Gustav Eidsvåg (Frp) og Inger Emilie Panayiotou (Ap)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	1. varamedlem Per S. Wathne (KrF)
FORFALL:	Arne Valen (Sp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partnar Else Holst-Larsen, Deloitte AS Haugesund Forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvsland, Deloitte AS Bergen
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Økonomisjef Peter Olav Lura t.o.m. sak 29
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Sak 29/19 blei flytta fram til etter sak 24.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 24/19 KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER OG ANSVAR

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets oppgåver og ansvar til orientering.

Utvalet har inga merknader knytte til evalueringa for perioden 2015-2019 eller

Utvalet vil framheva følgjande:

Handsaming i kontrollutvalet 25.11.19:

Sekretær orienterte om sekretariatet, kommunen si revisjonsordning, lovverk og forskrift knytte til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll m.m. Tre av medlemmene hadde deltatt på informasjonsmøte i Aksdal. Utvalet kom med kommentarar undervegs.

Medlem Panayiotou opplyste at ho var tilsett i Sveio kommune. Då tilsette er utelukka frå vervet, må kommunestyret gjere nytt val. Etter kommunelova må då heile utvalet veljast på nytt. Sekretariatet vil varsle kommunen ved ordførar om saka.

Utvalet trakk fram frå evalueringa at det er viktig at også kontrollutvalet får delta i folkevaldopplæringa. Utvalsleiar meinte dette kunne bli tatt inn i vedtaket. Utvalet støtta framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.11.19:

Sveio kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets oppgåver og ansvar til orientering.

Utvalet har følgjande merknad knytte til evalueringa for perioden 2015-2019:

«Sveio kontrollutval meiner at det er viktig at også kontrollutvalet deltar på folkevaldopplæringa».

SAK 25/19 MØTEPLAN 2020 - KONTROLLUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2020:

måndag 10.02, 05.05, 22.06, 14.09 og 16.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 25.11.19:

Utvalet drøfta framlegget. Utvalet blei samde om å gå for oppsett datoar, sjølv om ein kunne tenkt seg anna dag og Eidsvåg meldte at han ikkje kunne møte i februar. Utvalet var samd i å sette møtet til kl. 18.00.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.11.19 :

Sveio kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2019:

måndag 10.02, 05.05, 22.06, 14.09 og 16.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 26/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 23.09.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Sveio kontrollutval 23.09.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 25.11.19:

Utvalet hadde ingen merknader. Eidsvåg var einaste medlem som hadde vore til stades på møtet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.11.19:

Protokoll frå møtet i Sveio kontrollutval 23.09.19 blir godkjent slik han føre.

SAK 27/19 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2019

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar revisjonsplan 2019 frå Deloitte for rekneskapsrevisjonen og presentasjonen frå revisor om interimrevisjonen så langt i 2019 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 25.11.19:

Revisor Else Holst-Larsen orienterte om planen. I rekneskapsrevisjonen er det meste lovbestemt, motsett forvaltningsrevisjon kor utvalet bestemmer tema. Ho gjorde greie for risikobilde, vesentlegheitsgrenser, fokusområder, verdiar og om eigenerklæringa. Ho viste til at ein «vesentleg» feil er ein feil som fører til ei anna avgjersle enn ein elles ville ha gjort. For Sveio kommune vil feil over kr 335 000 bli rapportert til utvalet. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.11.19 :

Sveio kontrollutval tar revisjonsplan 2019 frå Deloitte for rekneskapsrevisjonen og presentasjonen frå revisor om interimrevisjonen så langt i 2019 til orientering.

SAK 28/19 BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGHEITVURDERINGAR OG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 FOR SVEIO KOMMUNE

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval bestiller risiko- og vesentlegheitvurderingar og Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 for Sveio kommune slik den ligg føre i vedlagt prosjektplan/ med desse endringane. Ramma vert sett til 150 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 25.11.19:

Forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvslund gjorde greie for prosjektplanen. Ho orienterte om den planlagde prosessen og at medlemmene vil spele ei viktig rolle i dette arbeidet. Utvalet slutta seg til framlegget. Utvalsleiar leste opp e-post frå nestleiar (som hadde forfall) om hans framlegg til aktuelt forvaltningsrevisjonsprosjekt. Utvalet var samd i å ta innspellet med seg til fyrste prosessmøte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.11.19:

Sveio kontrollutval bestiller risiko- og vesentlegheitvurderingar og Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 for Sveio kommune slik den ligg føre i vedlagt prosjektplan. Ramma vert sett til 150 timar.

SAK 29/19 ORIENTERING OM ØKONOMISITUASJON I SVEIO KOMMUNE OG FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR 2020 – ØKONOMIPLAN 2021-2023

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar rådmannen si orientering om budsjetts situasjonen 2019 og framlegg til budsjett for 2020 og økonomiplan 2021-2023 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 25.11.19:

Økonomisjefen gjorde greie for budsjetts situasjon og hovudtrekk i framlegg til budsjett. Budsjettarbeidet hadde vore ein krevjande prosess. Netto driftsresultat neste år er sett til 0,7%, som er ein god del lågare enn det som er tilrådd. Dette vert forsvart med at kommunen har hatt nokon ekstraordinære år dei to siste åra. Då kommunen kommer i kategorien som inntektssvak (94 %), må Sveio drive rimeligare enn andre. Kommunen har inga store bufferar. Investeringsbudsjettet er sett ambisiøst på 38 mill. til to brannstasjonar, skule, barnehage, badeanlegg og aktivitetshus.

Utvalet uttrykte bekymring for om kommunen klarer å tilby gode tenester, som følge av store låneopptak, dersom det stadig blir trongare tider.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.11.19:

Sveio kontrollutval tar rådmannen si orientering om budsjetts situasjonen 2019 og framlegg til budsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023 til orientering.

SAK 30/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.11.19

41. Statusrapport pr. november 2019
42. Kst. vedtak 30.09.19, sak 61/19 – Forvaltningsrevisjonsrapport Barneverntenesta
43. Kst. vedtak 30.09.19, sak 61/19 – Oppfølging av selskapsktrl – Karmsund Havn IKS
44. Kst. vedtak 14.10.19, sak 82/19 – Val av kontrollutval 2019-2023
45. Taushetsklærings skjema (blei signert i møtet)
46. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Brann og redning IKS 14.11.19
47. Innkalling til repr.skapsmøte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS 06.12.19
48. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Veks IKS 13.12.19
49. Ønsker åpenhet og innsyn i kommunenes arbeid – Kommunal Rapport 28.10.19
50. Konferanse 2020 for kontrollutvalene i Rogaland - Sandnes 09.01.20
51. Invitasjon til NKRFs kontrollutvalgskonferanse 29. – 30.01.20
52. Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollval i Hordaland - Solstrand 18.-19.02.20

Handsaming i kontrollutvalet 25.11.19:

Utvalssekretær gjekk igjennom sakene. Teieplikterklæringa blei underteikna. Utvalet drøfta invitasjonane. Utvalet ønskte å sjekke nærare om aktuelle dato passa og vil melde frå til sekretariatet i løpet av to veker om dei var interessert i å reise.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.11.19:

Kontrollutvalet tar referatsakene 41 – 52 til orientering.

Sveio kontrollutval vedtar at alle medlemmene kan reise på konferansen i Sandnes 09.01.20.

Til NKRF konferansen på Gardermoen 29. – 30. januar 2020 må medlemmene melde sin interesse innan 5. desember og utvalsleiar tar stilling til kor mange og kven som får delta.

EVENTUELT

Namneendring

Utvalsleiar gjorde framlegg om at utvalet skulle be kommunestyret endre utvalet sitt namn til «kontroll- og kvalitetsutvalet», slik Rogaland fylkeskommune og Karmøy kommune har gjort. Bokn kontrollutval gjorde framlegg om det same sist veke. Utvalet slutta seg til hans framlegg, og ønskte eit vedtak så snart som mogleg.

Sekretær viste til kommunelova § 11-3, 5.ledd om at utvalet kan fatte vedtak i ein sak som ikkje er oppført på sakslista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemmene motsette seg det. Utvalet vedtok då samrøystes:

Sveio kontrollutval vedtar at sak om namneendring blir tatt opp som ekstrasak i møtet 25.11.19, som sak 31/19.

EKSTRASAK

31/19 NAMNEENDRING – SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

Handsaming i kontrollutvalet 25.11.19:

Utvalsleiar grunna sitt framlegg.

Utvalet var samde i at nytt namn ville betre spegle utvalet sine oppgåver. I dag trur mange at hovudoppgåva er å finne feil, men fokuset skal vere å sikre innbyggjarane gode tenester, og gjennom forvaltningsrevisjon finne forbettringspotensiale.

Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.11.19 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre vedtar å endre namnet til kontrollutvalet til «Sveio kontroll- og kvalitetsutval» frå og med valperioden 2019- 2023.

Ingen andre saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter møteplan er neste møtedato **måndag 10. februar 2020.**

Sveio/Aksdal, 25. november 2019

Ole Ørjan Hov
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø
utvalssekretær